Outlook

Sv: Høring - Forskrift om inntak til videregående opplæring i Agder fylkeskommune

Fra Else Margit Tveit <Else.Margit.Tveit@aseral.kommune.no>
Dato fr. 30.10.2026 09:04
Til Hansen, Ellen Skeie <Ellen.Skeie.Hansen@agderfk.no>; Hansen, Hanne Kærgaard <Hanne.Kaergaard.Hansen@agderfk.no>

Hei

Som avtalt ville Åseral kommune svare på høyringa "**Forskrift om inntak til videregående opplæring i Agder fylkeskommune**" i dag. Skjema på nettsida er ikkje lenger tilgjengeleg. Derfor sender vi høyringssvaret på e-post. Fint om de gjer tilbakemelding på om e-posten er motteke.

Høyringssvar frå Åseral kommune:
Åseral kommune støttar framlegget til ny lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring i Agder.
Kommunen vurderer det som positivt at forskrift om inntak og forskrift om formidling vert skilde i to eigne forskrifter. Dette gjer regelverket meir oversiktleg, meir tilgjengeleg for brukarane og enklare å revidere ved behov.
Som distriktskommune med lange avstandar til fleire vidaregåande skular har Åseral særleg interesse av korleis forskrifta påverkar ungdomane sine moglegheiter til å få eit godt, føreseieleg og tilgjengeleg opplæringstilbod. Åseral kommune meiner det er viktig at forskrifta framleis tek omsyn til geografiske forhold, reiseavstandar og behovet for robuste opplæringstilbod i distrikta.
Kommunen støttar dei føreslegne presiseringane knytte til inntaksområde, geografisk forrang og andre endringar som bidreg til større tydelegheit, oversikt og lik behandling av søkjarane.
Åseral kommune har elles ingen merknader til framlegget.

Med venleg helsing
Else Margit Tveit
Rådgjevar oppvekst

Telefon: +47 900 78 003
E-post: else.margit.tveit@aseral.kommune.no

ÅSERAL KOMMUNE - EI POSITIV KRAFT

Frå: Hansen, Ellen Skeie <Ellen.Skeie.Hansen@agderfk.no>
Sendt: onsdag 14. oktober 2026 08:39
Til: Else Margit Tveit <else.margit.tveit@aseral.kommune.no>
Emne: Re: Høring - Forskrift om inntak til videregående opplæring i Agder fylkeskommune

Ekstern e-post:Vennligst vær varsom og ikke trykk på vedlegg og lenker med mindre du kjenner igjen avsenderen og vet at innholdet er trygt. Hilsen DDV

Hei!

Ser jeg ikke har fått svart på denne.

Det går selvfølgelig fint.

Mvh

Ellen Skeie Hansen

Sendt fra Outlook for iOS

From: Else Margit Tveit <Else.Margit.Tveit@aseral.kommune.no>
Sent: Thursday, 24 September 2026 10:53:16
To: Hansen, Ellen Skeie <Ellen.Skeie.Hansen@agderfk.no>
Subject: Høring - Forskrift om inntak til videregående opplæring i Agder fylkeskommune

You don't often get email from else.margit.tveit@aseral.kommune.no. Learn why this is important

Hei

For å rekke politisk handsaming, ber eg om at Åseral kommune kan få svare på høyringa 30. oktober 2026.

Med venleg helsing
Else Margit Tveit
Skule- og barnehagefagleg rådgjevar

Telefon: +47 900 78 003
E-post: else.margit.tveit@aseral.kommune.no

ÅSERAL KOMMUNE - EI POSITIV KRAFT